

Kjekke video-filmar frå Festidalen.

05.08.2017



Bjørn Olav Tveit og teamet hans intervjuar festivalgjestene Marcus Olsen og Brage Nilsen frå Bergen.

Dei siste dagane har det vore publisert mange kjekke video-filmar der ulike personar med tilknytning til Festidalen har blitt intervjuata. Desse har blitt lagt ut på Festidalen si facebookside, og eg anbefaler dei som ikkje har sett dei, om å kika innom. Det er Bjørn Olav Tveit som er bak mikrofonen, og så har han med seg ungdommane Viljar S. Tveit og Martin H. Arnesen bak kamera.

Dei korte video-snuttane er både underhaldande og informerande om storhendinga som no føregår i Uskedalen. Det er mange kjekke filmar å velja i, og dei når tydeleg ut til svært mange. Fleire tusen visningar på kvar film er normalt.

På festivalfrukosten for kort tid sidan intervjuia dei både festivalsjefane og festivaldeltakarar. Desse filmane er alt vist godt over 1000 gonger. Oppfordringa vert: gå inn på Festidalen si facebook-side for å sjå filmane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland